



LEIKANGER JAKT- OG FISKELAG

# ÅRSMELDING 2004

Årsmøte på fjordkroa 3.mars 2005



**TRASTEDALSHYTTA**

Jakt- og fiskeglede til alle – for alltid



## ÅRSMØTE

På Fjordkroa torsdag 3.mars kl. 19:30

### Sakliste:

1. Godkjenning av møteinkalling.
2. Val av møteleiar og skrivar.
3. Val av 2 personar til å skriva under møteprotokollen.
4. Årsmeldingar.
5. Rekneskap.
6. Val.
7. Orientering om opprusting av leirduebana på Kleppa.
8. Aktivitetar i 2005
9. Informasjon.
10. Innkomne saker.

Saker som skal takast opp på årsmøte må vera styret i hende  
innen 23.februar. Sakene skal sendast skrifteleg til leiar på  
e-postadresse : [leikanger.jfl@njff.org](mailto:leikanger.jfl@njff.org) eller pr. post.

- Enkel severing.

*Nye og gamle medlemer velkomne !*

**Styret.**

3

## ÅRSMELDING FRÅ STYRET I LEIKANGER JAKT- OG FISKELAG

Styret har vore samansett slik i 2004

Leiar: Svein Inge Lundheim  
Nestleiar/sekretær: Per Ove Fossheim  
Kasserar: Håkon Nesse  
Leiar jaktutval: Bjarne Sjøthun  
Leiar fiskeutval: Øyvind Husabø  
Leiar leirduebaneutval: Leif Arne Lingjerde  
Leiar ungdomsutval: Hallvard Grinde  
Leiar hundeutval: Kurt Langeteig

Det har vore 7 styremøter, der 61 saker har vorte behandla.

Søknaden om spelemidlar til leirduebana på Kleppa vart ikkje imøtekomen. Grunnen til avslaget var ”låg prioritet og manglende midlar”.

Då dei kommunale midlane på 235.000,-kr står ved lag, vart søknaden sendt inn på nytt i 2005. I forbindelse med søknad om spelemidlar er Leikanger Jakt- og Fiskelag registrert i einheitsregisteret i Brønnøysund med org.nr. 986 276 335.

På årsmøte fekk Emil Røysum Skartun ei påskjønning på 15 gratis treningsseriar på leirduebana, for mange gode skyteresultat i 2003.

Jan Magne Vigdal og Svein Inge Lundheim var utsendingar på årsmøte til NJFF Sogn og Fjordane i Sogndal.

Etter 2 års deltagelse i skulestangprosjektet, har laget fått tildelt 30 meitestenger til eige bruk.

Laget fekk ei gáve på 5.000,-kr av Sparebanken Sogn og Fjordane.

Sogn Avis sponsa laget med gratis annonser til ein verdi av 12.000,-kr eks. mva.

Leikanger Kommune tildelte laget 3.000,-kr i kulturmidlar.

Sognefjord Reiseliv / Leikanger Reiselivslag inngjekk ein avtale på produksjon og montering av nye stiskilt og merking og rydding av stiar for 17.500,-kr. Svein Inge Lundheim laga dei nye stiskilta og Kurt Langeteig sponsa laget med 3”x1”imp.materiale til skilta. Bjarne Sjøthun, Per Olav Henjum, Øyvind Husabø, Odd Reksnes, Jakob Holen, Sverre Fjøsne, Jan Magne Vigdal og Svein Inge Lundheim med på stimerking og montering av skilta.

Trastadalshytta har vore nytta i 19 døger i 2004, inkludert 4 på dugnad. Det har vore dugnadsarbeid på hytta i sommar. Innvendig tak vart senka, isolert med glava og klett med panel. Med på dugnadsarbeidet var Vegard Røysum, Geir Ove Røysum og Svein Inge Lundheim. Kommunen dekka utgiftene på ca. 5.000,-kr.

Leikanger Jakt- og Fiskelag har fått div. tilskot og prisar for barn og ungdomsarbeid 2004.

- Frå ”lokal agenda 21-tiltak” for kurs i ”flugebitting og flukekasting” i 2005 fekk laget 10.000,-kr
- Aktivitetsstøtte frå NJFF på 5.000,-kr.
- Ungdomsprisen frå Sogn og Fjordane NJFF på 3.000,-kr.
- 10 stk. junior fiskestangsett frå Fiskeklubben.

For ein del av midlane har det vorte kjøpt inn 10 stk flugestangsett og 6 flugebittingsett til kursvirksomheit.

4

2. oktober på "Fruktbare dagar" hadde Leikanger Jakt- og Fiskelag stend ved Fylkesbygget. Det var ein svært vellykka stend der ca. 150 smakte på delikatessane som sukker-salta laks, salta/røykt/turka aure, laks/rein/hjort/rype røykt i ABU-røyk og laks/rein/hjort/rype med grillsaus på grill. Det var ellers stor interesse for flugebitting, der mange av dei yngste fekk prøva. Det vart også delt ut info. frå laget og NJFF sentralt. Per Norstein, Jan Thore Fedje, Bjarne Sjøthun, Jan Magne Vigdal, Øyvind Njøs, Per Olav Henjum og Svein Inge Lundheim var med på stenden.

Jegerprøveinstruktør Olav Ekrene frå Sogndal har trekt seg tilbake som instruktør, og styret har overrekt boka "Fra hode til hale" som takk for innsatsen.

På leiarsamlinga i Førde i november var Svein Inge Lundheim deltarar. På storviltkurset same helga var Bjarne Sjøthun, Øyvind Njøs, Per Olav Henjum og Svein Inge Lundheim deltarar. Til storviltkurset fekk laget refundert 2815,-kr til kursutgiftene frå det kommunale viltfondet.

Medlemstalet i Leikanger Jakt- og Fiskelag pr. 31.12.2004 var 126, som er ein auke på 15 medlemmar.

Sjå eigne årsmeldingar frå utvala!

Styret

#### ÅRSMELDING FRÅ FISKEUTVALET

Utvalet har vore samansett slik:

Leiar: Øyvind Husabø

Medlem: Jan Magne Vigdal

Medlem: Jermund Høgheim

Medlem: Per Sivert Nesdal

Isfiskedagen på Dalavatnet hadde liten deltagelse.

Planane om fiskekultivering på Vålamyra og Hovdavatnet har vorte utsett.

Vårsprellen vart arrangert 2. pinsedag på Hanahaug. Det var med 21 deltarar fordelt på 3 klassar. I klassen u/16år vart Anders Huke vinnar med 1,3kg. Dameklassen vart vunnen av Monika Gåserud med 2kg. Ivar Ness vart vinnar i herreklassen med 6,8kg. Oddvar Sterri tok sitt andre napp i vandrepokalen for størst fisk med ein lvr på 2,25kg.

Fiskekonkurransen på Fjærlandsete vart også i år arrangert av Steinar Husum og Magne Ophun. 27 deltarar var påmeldte i tre klassar. 7år gamle Jacob Holen Eikelund tok den største auren på 816g i Kringlevatnet på sitt aller første kast. Vinnar i herreklassen vart Kai Jonny Venes med 11 aurar, nr 2 vart Sigbjørn Velle med 10 aurar og på delt 3. plass Alf Thorsnes og Håkon Dyrkolbotn med 7 aurar. Dameklassen vart vunnen av Inger Ness. Håkon Dyrkolbotn fekk den største auren (285g) på flugestang, som gav han det 3. nappet i vandrepokalen "Flugefiskaren".

Gunnar Olsmo var instruktør på eit kurs i flugekasting med 6 deltarar.

I august var det 2.gongen det vart arrangert skulestangprosjekt på Flotande. 25 elevar frå 7. klasse og 2 lærarar prøvde fiskelukka i Henjaelva. Jan Thore Fedje, Bjarne Sjøthun, Bjørn Ove Steig og Svein Inge Lundheim var med frå jakt- og fiskelaget.

Fiskeutvalet

Øyvind Husabø

- leiar -

## ÅRSRAPPORT 2004

Ungdomsutvalet starta opp etter nyåret 23.03.04. Me diskuterte arbeidsplaner framover våren og vedtok å starte opp i veke 16. Det er framleis slik at aktivitetstilbodet i Leikanger er ganske stort for denne aldersgruppa, og det gjeld difor å styra unna høgsesongar for andre lag og organisasjonar.

Me prioriterte desse aktivitetane:

1. Flugebitting
2. Flukekasting
3. Produksjon av slukar

12 born/ungdomar møtte på første samling. Borna var motiverte og arbeidsame.

Instruktørane Sverre Fjøsne, Svein Inge Lundheim og Hallvard Grinde fann vel ut at vi ikkje kunne nok, og greppe å overtal Thore Broch Mathisen å koma til neste klubbkveld. Han lyfte nivået på instruksjonen mange hakk, og me hadde 6 nye kveldar til glede for deltakarane.

Etter initiativ frå ungdomsutvalet fekk me i stand flukekastingskurs med Gunnar Olsmo. Siktemålet var å utdanne fleire vaksne instruktørar som me i neste omgang skal bruke på borna.

Ungdomsutvalet hadde som målsetjing å få til ein kombinert telt/fisketur i Lærdalsvatna for å prøve ut flugene dei hadde bunde. Av ymse årsaker vart dette dessverre ikkje realisert. Men me prøver på nyt komande år.

Like før skuleslutt la me ein samling til skytebana. I samarbeid med Leikanger skyttarlag som heldt våpen i kal.22, avvikla me skytetrenin med og utan kikkertsikte. Skytedugleiken var svært god. Sjølv dei som aldri hadde teke i eit slikt våpen, lærte fort og blei dyktige. Tiltaket var populært.

I samarbeid med Leikanger barneskule fekk laget også i år tildelt 30 nye fiskestenger. Dei vart tekne i bruk på Flotande i august månad av 7.steget ved skulen. Det vart landa 35 fiskar.

Som sagt tidlegare er det viktig at ungdomsutvalet legg aktivitetane sine til såkalla mellomsesong i Syril. Vidare er det avgjerande at ein styrer unna måndagskveldane for å unngå kollisjon med skulemusikken.

Borna er motiverte for flugebitting. Erfaringane me gjorde i år var vel at me ikkje var dyktige nok i starten. Me hadde for dårlig struktur på instruksjonane, var for lite flinke til å feilrette og resultatet vart mange "frie" fluger. Dette har laget gjort noko med. Me har kjøpt inn 2 videofilmar om emnet. Men endå viktigare for sluttresultatet er at ein del vaksne "tidlegare flugebittarar" har kursa seg gjennom vinteren og er klar for innsats i desse dagar.

Laget har også kjøpt inn 10 nye flugestenger med snelle. Det vert då lettare å skulere borna i kasteteknikk. Dessutan vert ingen utsett for kjøpepress for å delta.

For ungdomsutvalet

Hallvard Grinde

## ÅRSMELDING FRA JAKTUTVALET

Jaktutvalet har vore samansett slik:

Leiar : Bjarne Sjøthun.

Medlem : Per Norstein.

Medlem : Per Olav Henjum

Medlem : Øyvind Njøs.

Det var også i år ein god oppslutning om jegerprøven. I alt var det 15 påmelde.

Denne gongen var det seks instruktørar som gjorde ein kjempejobb under leiing av Per Norstein. På det pågåande kurset er det 9 deltagarar. Representantar frå jaktutvalet deltok under den praktiske delen. Me må også i år få takka dei for jobben dei gjer vederlagsfritt.

I fjor vår vart det forsøkt å organisere ein studiering rundt boka "Målrettet Hjorteforvaltning", og det vart sendt rundt innbydelse til alle vald i kommunen. Grunna for få påmelde vart dette ikkje noko av, men det vart arrangert i Sogndal i vår. Der var det skogeigarlaget som var arrangør. Jaktutvalet deltok her med to representantar og fekk med dei som var påmelde i fjor. Deler av kursavgifta vart dekka av "viltfondet". Leikanger var den best representerte kommunen på kurset, noko som er svært positivt.

Me starta opp med premierung for største reven og flest mår i fjor. Det er sett opp vandrepokalar i begge klassar, men i år vart det ikkje felt rev. Mårpokalen vart vunnen for andre gang av Harry Eggum, medan gåvekortet gjekk til Roald Lunde.

Også i år var 3 representantar med under avviklinga av storviltprøven.

Jaktutvalet stiller også neste år med 3 representantar.

Det vart arrangert parteringskurs i skyttarhuset 10 oktober. Helge Fardal var innleidt instruktør, og gjorde ein god jobb. Me hadde 17 deltagarar.

På storviltkurset i Førde 27 og 28 november møtte 4 representantar frå Ljfl.

Jaktskytingens dag vart arrangert på skytebana den 7. august. Der vart det skote på forskjellige dyrefigurar på ulike hold, og dei oppmøtte vart servert kaffi og kaker.

Oppmøtet kunne ha vore betre, men me får håpe det vert fleire til neste år.

Jaktutvalet

Bjarne Sjøthun.

- leiar -

## ÅRSMELDING FRÅ LEIRDUEBANEUTVALET

Utvalet har vore samansett slik i 2004:

Leiar: Leif Arne Lingjærde

Medlem: Odd Reksnes

Medlem: Ove Jørgensen

Medlem: Svein Inge Lundheim

Aktiviteten på leirduebana og deltaking på stemne har vore liten i år og. Leirduebana har vore open for trening på onsdagar frå april til ferien og etter ferien fram til jakten. Utvalet var med på avslutninga av jegerprøven, der 15 deltagarar vart fordelt over 2 kveldar. Det vart arrangert nybyrjarkurs i hagleskyting etter avslutningen av jegerprøven, med 7 deltagarar.

"Indre Sogn Cup" vart vunnen av Oddbjørn Mulen med 98 treff. Han hadde 50 treff på Kleppa.

På landsdelsmeisterskapet i jegertrap som vart arrangert i Luster var det med 8 fra Leikanger jfl. Desse 4 kom med i finalen: Kurt Langeteig vart nr.4 i A-klassen med 73 treff, Leif Arne Lingjerd vart nr.10 i A-klassen med 69 treff, Frode Husum vart nr.1 i B-klassen med 70 treff og Emil Røysum Skartun nr.2 i D1-klassen med 68 treff. Fylkesmeisterskapet i jegertrap vart arrangert på Kleppa med kun 13 deltagarar.

Gunnar Leknes vart fylkesmeistar og fekk gull med 73 treff og fekk sitt 3. nappet i vandrepokalen. Leif Arne Lingjerd fekk sølv med 72 treff og Svein Inge Lundteim fekk bronse med 71 treff. Emil Røysum Skartun vart fylkesmeistar for junior og fekk gull med 69 treff.

"Jaktskytingensdag" vart arrangert den 8.august på leirduebana med 5 jegrar.

1.september vart lagsmeisterskapet i jegertrap og leirduesti arramgert på Kleppa. Kurt Langeteig vart lagsmeistar både i jegertrap med 24 treff (etter omskyting mot Nils Olav Langeteig) og leirduesti med 23 treff. I jegertrappen var det med 5 i jeger-klassen (nr.1 Sven Erik Vestby 22tr.), 2 i junior-klassen (nr.1 Emil R.Skartun 22tr.) og 6 i senior-klassen(aktive) (nr.1 Kurt Langeteig 24tr.) I leirduestien var det med 2 i jeger-klassen (nr.1 Per Ove Fossheim 13tr.), 2 i junior-klassen (nr.1 Emil R. Skartun 13tr.) og 6 i senior-klassen(aktive) (nr.1 Kurt Langeteig 23tr.)

Leif Arne Lingjerd har vore på jegertrap-dommarkurs og hagle-instruktørkurs.

**Leirduebaneutvalet**  
Leif Arne Lingjerd  
-leiar-

### ÅRMELDING FRÅ HUNDEUTVALET

Hundeutvalet er samansett slik i 2004:

Kurt Langeteig – leiar  
Bjørn Monsen – medlem  
Anne Katrin Bøyum – medlem  
Bjørn Fjøsne – medlem

Hundeutvalet har hatt 1 møte i år.

#### Aktivitetar:

Det har vore gjennomført bruk av elektrisk halsband på hund mot sau i vår og i haust. Tilsaman 5 påmelde hundar og 1 repetisjon.

Det vart arrangert tur for eigara av fuglehundar frå Hodlekve til Leikanger i vinter.

Vi gratulerer Bjørn Monsen og engelsk setterene Roy og Brita (unghund) med gode resultat på jaktprøvane:

#### Øyers Roy tok:

1x1 VK m/CK Kval.	
1x1 VK m/Cacit	Hemsedal
1x5 VK Finale	Geilo

#### Brita tok:

1x2 UK	Gaularfjell
1x2 UK	Geilo

Hundeutvalet

Kurt Langeteig.

-leiar-

# LEIKANGER JAKT- OG FISKELAG REKNESKAPEN 2004

## UTGIFTER

Kontor / Rekvista	3 595,60
Kontingenter	650,00
Kurs/møter	18 263,00
Trastadalshytta	459,50
Drift leirduebane	34 793,50
Eigne kurs	5 776,00
Barn/ungdomsarbeid	11 376,90
Fiskekonkuransar	1 735,00
Diverse utgifter	34 266,50
Skilt, stimerking	2 744,27
Leriduebane nytt anlegg	21 420,00
 Sum utgifter	 135 080,27

## INNTEKTER

Renteinntekter	57,00
Refusjon eksterne kurs	2 815,00
Kontingent	5 420,00
Eigne kurs	16 190,00
Fiskekonkuransar	2 100,00
Diverse inntekter	34 266,90
Trastadalshytta	1 125,00
Drift Leirduebane	20 019,00
Barn/ungdomsarbeid	18 100,00
Skilt, stimerking	17 500,00
 Sum inntekter	 117 592,90
 Underskott	 -17 487,37

## AKTIVA PR 31.12.2004

Sparebanken Sogn og Fjordane	32 576,67
Fiskeutstyr / Fluestang	15 000,00
Skot, duer, premiar mm	18 274,50
Bygg, anlegg	9 600,00
Leirduekastar m/ utstyr	13 500,00
Tømmer/materialar	40 000,00
Videospelar/overhead/stativ	6 800,00
Fordring Leikanger kommune	2 815,00
 Sum aktiva	 138 566,17

*Rekneskapen redigert og finnes  
i orden.*

*Leikanger 31.01.05*

*Gunn Fosse* *Inge Oftedal*

*Håkon Nesse*  
31/12-04 / 25/1-05  
Håkon Nesse

# Styret i Leikanger Jakt- og Fiskelag 2004

Forklaring: B = på val 2005 A = ikkje på val 2005

## Styret:

Kategori:	Verv:	Namn:	Forslag :	Telefonnr. :
B	Leiar	Svein Inge Lundheim	<i>attval</i>	90605267
A	Nestleiar	Per Ove Fossheim		97570583
A	Kasserar	Håkon Nesse		97511639
B	Sekretær	Per Ove Fossheim	<i>Sven Erik Vestby</i>	97570583
B	Varamedl.	Per Norstein	<i>attval</i>	48182680

## Jaktutval:

A	Leiar	Bjarne Sjøthun		90957245
A	Medlem	Per Olav Henjum		91333305
B	Medlem	Per Norstein	<i>attval</i>	48182680
B	Medlem	Øyvind Njøs	<i>attval</i>	57654002

## Fiskeutval:

B	Leiar	Øyvind Husabø	<i>Jan Magne Vigdal</i>	95112936
A <i>1år</i>	Medlem	Jan Magne Vigdal	<i>Carlo Aall</i>	95707144
B	Medlem	Jermund Høgheim	<i>attval</i>	57654038
A	Medlem	Per Sivert Nesdal		90770945

## Leirduebaneutval:

A	Leiar	Leif Arne Lingjerde		91176689
A	Medlem	Odd Reksnes		95758559
B	Medlem	Svein Inge Lundheim	<i>attval</i>	90605267
B	Medlem	Ove Jørgensen	<i>Emil Røysum Skartun</i>	91366541

## Ungdomsutval:

B	Leiar	Hallvard Grinde	<i>Sverre Fjøsne</i>	57653860
B	Medlem	Arve Yttri	<i>attval</i>	97096865
A	Medlem	Ingar Husabø		95709825
A <i>1år</i>	Medlem	Sverre Fjøsne	<i>Jan Thore Fedje</i>	90639848

## Hundeutval:

B	Leiar	Kurt Langeteig	<i>Bjørn Monsen</i>	95089899
B	Medlem	Bjørn Monsen	<i>Kurt Langeteig</i>	90590848
A	Medlem	Anne Katrin Bøyum	<i>Øyvind Husabø</i>	90564569
A	Medlem	Bjørn Fjøsne		57653974

## Revisor:

A		Sverre Fosser		57653329
B		Inge Yttri	<i>attval</i>	57653331

## Valkomite:

B	Leiar	Per Sivert Nesdal	<i>Øyvind Husabø</i>	90770945
A	Medlem	Øyvind Husabø	<i>Bjørn Monsen</i>	95112936
A	Medlem	Bjørn Monsen	<i>?Emil R. Skartun</i>	90590848

## **Referat frå årsmøte i Leikanger Jakt og Fiskelag torsdag 3.mars 2005 på Fjordkroa**

Det var i alt 16 medlemar som møtte: Svein Inge Lundheim, Bjarne Sjøthun, Per Ove Fossheim, Øyvind Husabø, Leif Arne Lingjerde, Jan Thore Feidje, Bjørn Monsen, Håkon Nesse, Sven Erik Vestby, Ivar Fagerheim, Emil Røysum Skarthun, Odd Reksnes, Jørn Njøs, Ronny Rydningen, Jan Magne Vigdal og Sverre Fjøsne.

### **1. Godkjenning av møteinkalling. *Godkjent.***

### **2. Val av møteleiar og skrivar. *Møteleiar: Svein Inge Lundheim. Skrivar: Odd Reksnes.***

### **3. Val av to personar til å skriva under møteprotokollen: *Øyvind Husabø og Bjarne Sjøthun.***

### **4. Årsmeldingar:**

#### **Styret sin årsmelding.**

Laget bør bli flinkare til å prøva å få inn sponsormidlar, då det ligg eit potensiale her. Kanskje ei eiga gruppe bør stå for dette arbeidet. Styret fekk fullmakt frå årsmøtet til å sjå på dette.

Elles fekk leiaren i laget ros for arbeidet han gjer med å få inn midlar til laget.

Bjørn Monsen tok opp dette med utsending av årsmeldingar. Slik som det er i dag vert alle årsmeldingane, rekneskap, sakliste og valliste sende medlemane på A4 ark. Dette ville Monsen ha ei endring på slik at ein sender ut eit hefte med betre kvalitet. Også eit hefte med møtereferat, aktivitetsoversikt med bilder frå dei ulike gruppen i etterkant av årsmøtet. Dette heftet skal representera laget utad som t.d. når ein skal ut å få ta i sponsormidlar. Dette heftet skal visa kva vi står for. Styret skal vurdera dette seriøst.

**Fiskeutvalet:** Ok

**Ungdomsutvalet:** Ok

#### **Jaktutvalet:**

Duellen med skyttarlaget vert teken oppatt.

#### **Leirduebaneutvalet:**

Nybyrjarkursa som utvalet har arrangert har ikkje lukkast å få fleire til å starta med skyting. Det var fleire innspell om korleis vi kunne gjera dette med å ungdomen til leiriduebana. Kanskje det vert betre når laget får eiga lagshytte.

#### **Hundeutvalet:**

Gratulasjonar til Bjørn Monsen og hans hundar for gode resultat.

Dei hadde samling i lag med Hordaland på Vatnasete der 27 personar møtte.

*Årsmeldingane vart godkjende.*

### **5. Rekneskap:**

Eigen konto er oppretta i samband med eventuell utbygging på Kleppa, med ein eigenkapital på kr. 25.000,-kr

Det vart og stilt spørsmål om budsjett grunna den store omsetningen i laget. Styret skal vurdera dette.

*Rekneskapen vart godkjent.*

### **6. Val:**

#### **Styret:**

Leiar: Svein Inge Lundheim attval

Sekretær: Sven Erik Vestby ny

Varamedl: Per Norstein attval

#### **Jaktutval:**

Medlem: Per Norstein attval

Medlem: Øyvind Njøs attval

**Fiskeutval:**

Leiar:	Jan Magne Vigdal	ny
Medlem:	(1år for J.M. Vigdal) Carlo Aall	ny
Medlem:	Jermund Høgheim	attval

**Leirduebaneutval:**

Medlem:	Svein Inge Lundheim	attval
Medlem:	Emil Røysum Skartun	ny

**Ungdomsutvalet:**

Leiar:	Sverre Fjøsne	ny
Medlem:	(1år for S. Fjøsne) Jan Thore Fedje	ny
Medlem:	Arve Yttri	attval

**Hundeutval:**

Leiar:	Bjørn Monsen	ny
Medlem:	Kurt Langeteig	ny
Medlem:	(1år for A.K. Bøyum) Øyvind Husabø	ny

**Revisor:**

Inge Yttri	attval
------------	--------

**Valkomite:**

Medlem:	Emil Røysum Skartun	ny
---------	---------------------	----

Det vart stilt spørsmål om vervet til Anne Katrin Bøyum i hundeutvalet, som ikkje bur her lenger. Øyvind Husabø sa seg villeg til å stilla i staden for henne. Leiaren Svein Inge Lundheim tok kontakt med henne, og fekk avklara at det var i orden frå hennar side.

*Valet vart godkjent.*

**7. Orientering om opprusting av leirduebana på Kleppa.**

Per Ove Fossheim orienterte om stoda i dag. Laget fekk ikkje spelemidlar dette året. Grunnen til avslaget var ”låg prioritet og manglende midlar”. Ny søknad er sendt og 1. juni får vi svar. Laget har god dialog med kommunen og Syril. Totalkostnad inkl. mva er kr. 705.000,-

**8. Aktivitetar**

Laget har ei innhaldsrik aktivitetsliste for 2005.

Laget med Svein Inge Lundheim i spissen skal også i år produsera og montera stiskilt og merking og rydding av stiar i i kommunen.

Vegen fram til leirduebana skal opprustast dette året. Det vert dugnadsarbeid på leirduebana om me får spelemidlar.

Av dugnadsarbeid elles skal laget vera med på flytting av utstyr til Statens Hus.

**9. Informasjon.**

Autovern i Askedalen har kome med pristilbod på sko.

Leikanger Bokhandel på flugebittingsutstyr og kan skaffe alt utstyr frå katalogen Aktiv Fritid.

**10. Innkomne saker:**

Det var kome inn ei sak frå styret om utsending av årsmeldingar m.m. til medlemane.

Forslag frå styret: Årsmeldingar, rekneskap, sakliste og valliste skal sendast ut før årsmøtet til alle medlemane i Leikanger JFL med adresse utanfor Leikanger, elles blir det lagt ut årsmeldingar m.m. hjå Leikanger Bokhandel.

Årsmøtereferat, aktivitetsliste, div. info og liste over tillitsvalde skal sendast ut til alle medlemane etter årsmøtet.

Kommentar her var at ein bør også bruka e-post og få opp eit register over medlemane som har e-post.

*Forslaget vart vedteke*

Referent Odd Reksnes

*Odd Reksnes*

*Bjørn Sjåheim*